

Møteprotokoll

Utval:	Fylkestinget		
Møtestad:	Fjernmøte/videomøte		
Dato:	09.06.2020	Dato:	10.06.2020
Tid:	09:15-18:50	Tid:	09:10-18:35

09.06.2020
Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A	
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A	
Karianne Alette Torvanger	Medlem	A	
Stian Jean Opedal Davies	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Torbjørn Vereide	Medlem	A	
Nina Bognøy	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Jarle Valvatne	Medlem	A	
Senea Sabanovic	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Trym Helge Aafloy	Medlem	FNB	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Morten Klementsens	Medlem	FNB	
Odd Erik Lind	Medlem	FNB	
Nils Haugland	Medlem	FNB	
Hege Nygård Dale	Medlem	FNB	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp	
Helge Stormoen	Medlem	Frp	
Rosalind Fosse	Medlem	Frp	
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	Frp	
Bjarte Vatnøy	Medlem	Frp	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Noralv Distad	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
Dan Stian Femoen	Medlem	H	
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H	
John Andre Kongsvik	Medlem	H	
June Vibecke Knudtsen Indrevik	Medlem	H	
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H	
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H	
Karl Vågstøl	Medlem	H	
Lise-May Sæle	Medlem	H	
Gunnar Moland	Medlem	H	
Trude Brosvik	Medlem	KrF	
Tor André Ljosland	Medlem	KrF	
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KrF	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	
Mark Taylor	Medlem	MDG	

Pauline Tomren	Medlem	MDG	
Mona Høgli	Medlem	MDG	
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	Pp	
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R	
Terje Kollbotn	Medlem	R	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Jenny Ellaug Følling	Medlem	Sp	
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp	
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	Sp	
Hilde Horpen	Medlem	Sp	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Sp	
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	Sp	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	Sp	
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	Sp	
Lars Fjeldstad	Medlem	Sp	Ikkje til stades kl. 11:30-13:30
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV	
Symphorien Pombe	Medlem	SV	
Marianne Sæhle	Medlem	SV	
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V	
Geir Kjell Andersland	Medlem	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Ruth Linda Merethe Monsen Merkesdal	Medlem	A	Heile tingsetet

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representere	Merknad
Katrine Helland Johannessen	Ruth Linda Merethe Monsen Merkesdal	A	Heile tingsetet
Hans Inge Myrvold		Sp	Kl. 11:30-13:30

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Bård Sandal	Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar for politisk sekretariat
Ingeborg Strandberg	Rådgjever, politisk sekretariat /møtesekretær

10.06.2020

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representere	Merknader
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A	
Emil Lennart Pålíkoff Gadolin	Medlem	A	
Karianne Alette Torvanger	Medlem	A	
Stian Jean Opedal Davies	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Torbjørn Vereide	Medlem	A	
Nina Bognøy	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Jarle Valvatne	Medlem	A	
Senea Sabanovic	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Trym Helge Aafloy	Medlem	FNB	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Morten Klementsén	Medlem	FNB	
Odd Erik Lind	Medlem	FNB	
Nils Haugland	Medlem	FNB	
Hege Nygård Dale	Medlem	FNB	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp	
Helge Stormoen	Medlem	Frp	
Rosalind Fosse	Medlem	Frp	
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	Frp	
Bjarte Vatnøy	Medlem	Frp	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Noralv Distad	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
Dan Stian Femoen	Medlem	H	
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H	
John Andre Kongsvik	Medlem	H	
June Vibecke Knudtsen Indrevik	Medlem	H	
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H	
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H	
Karl Vågstøl	Medlem	H	
Lise-May Sæle	Medlem	H	
Gunnar Moland	Medlem	H	
Trude Brosvik	Medlem	KrF	
Tor André Ljosland	Medlem	KrF	
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KrF	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	
Mark Taylor	Medlem	MDG	
Pauline Tomren	Medlem	MDG	
Mona Høgli	Medlem	MDG	
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	Pp	
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R	
Terje Kollbotn	Medlem	R	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Jenny Ellaug Følling	Medlem	Sp	
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp	
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	Sp	
Hilde Horpen	Medlem	Sp	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Sp	
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	Sp	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	Sp	
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	Sp	
Lars Fjeldstad	Medlem	Sp	Ikkje til stades:

kl. 12:30-slutt

Marthe Hammer	Medlem	SV
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV
Symphorien Pombe	Medlem	SV
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V
Geir Kjell Andersland	Medlem	V

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Ruth Linda Merethe Monsen Merkesdal	Medlem	A	

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representere	Merknad
Katrine Helland Johannessen	Ruth Linda Merethe Monsen Merkesdal	A	
Samson Hamre		Sp	Kl. 12:30-slutt

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Bård Sandal	Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar for politisk sekretariat
Ingeborg Strandberg	Rådgjevar, politisk sekretariat /møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 6/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 7/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i fylkestinget 03.03.2020	2019/65	
	Referatsaker		
RS 6/20	Valen kraftverk AS - vurdering av sal	2020/45836	
RS 7/20	Uttale frå Landsstyret om RNB	2020/36949	
RS 8/20	Oversyn over budsjettsøknader om driftstilskot for 2021 over Kulturbudsjettet	2020/42659	
RS 9/20	Lytter til innspill: Staten beholder hovedansvaret for kulturinstitusjonene	2020/49720	
RS 10/20	Kopi av søknad til kulturdepartementet frå Moster 2024	2020/861	
RS 11/20	Retningslinjer for klart språk og god nynorsk i Vestland fylkeskommune	2020/51166	
RS 12/20	Felles retningslinjer for besøk av ungdomsorganisasjonar til vidaregåande skular	2020/40842	
RS 13/20	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	2020/36949	
RS 14/20	Moster 2024 AS. Bømlo kommune sitt kommunestyrevedtak	2020/861	
RS 15/20	Framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i heile Vestland fylke	2020/49456	
RS 16/20	Oppnemning av kandidat for styret i seks HFK Bussanlegg-selskap	2019/11	
RS 17/20	Årsmelding 2019 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i Hordaland	2019/92	
	Skriftlege spørsmål		
SI 15/20	Interpellasjon frå Klementsens (FNB) - Behov for å verne om varslingsinstituttet	2019/157	
SI 16/20	Interpellasjon frå Hæggernes (PP) - Ubåtvraket ved Fedje	2019/157	
SI 17/20	Interpellasjon frå Pombe - SV - Mineralelektrifisering	2019/157	
SI 18/20	Spørsmål fra Tomren(MDG) - v edr. rasisme	2019/157	
	Politiske saker		
PS 33/20	Finansforvaltninga i 2019 - Hordaland fylkeskommune	2020/36383	
PS 34/20	Godkjenning av årsrekneskap for Hordaland fylkeskommune 2019	2020/46484	
PS 35/20	Rekneskap 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune	2020/46327	
PS 36/20	Årsrapport 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune	2020/46327	
PS 37/20	Årsmelding Hordaland fylkeskommune 2019	2020/46327	
PS 38/20	Tertialrapport pr. april 2020 - rekneskapsprognose	2020/50390	
PS 39/20	Finansrapport 1. tertial 2020	2020/50307	
PS 40/20	Økonomiplan 2021-2024 - Investerings- og driftsrammer	2020/44342	
PS 41/20	Skilting av bygg i Vestland fylkeskommune	2020/36479	
PS 42/20	Bømlo fiskerihamn - garanti for forskottering	2020/37190	
PS 43/20	Finansiering av kulturbygg med regionale funksjonar	2020/49142	
PS 44/20	Det Vestnorske Teateret LL. Lånegaranti til nybygg	2020/49379	
PS 45/20	Søknad om midlar til Griegkvartalet	2020/50349	
PS 46/20	Reglement for kunstnarleg utsmykking av fylkeskommunale bygg	2020/37851	
PS 47/20	Integrering - nye oppgåver for fylkeskommunen - strategi og vidare arbeid	2020/45548	
PS 48/20	Europameisterskap i friidrett for ungdom 2021 i Bergen	2020/1254	
PS 49/20	Koronautbrotet - omfang, konsekvensar og tiltak i høve kultur, idrett og inkludering i Vestland pr juni 2020	2020/44331	
PS 50/20	Bokbåt drift i Vestland fylke	2020/241	
PS 51/20	Behov og potensial for ei styrka nasjonal karbonfangstsatsing i Vestland	2020/45431	
PS 52/20	Plaststrategi for Vestland fylkeskommune	2020/47165	
PS 53/20	Regional kompetansepolitikk i Vestland fylke	2020/41440	

PS 54/20	Regional plan for Hardangervidda - Vedtak	2020/37508
PS 55/20	Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport for 2019	2020/48213
PS 56/20	Godkjenning av forslag til Handlingsprogram 2020 - 2023 for Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei - Heiplanen.	2020/50272
PS 57/20	Miljøløftet, handlingsprogram for perioden 2021-2024	2020/36709
PS 58/20	Vestland fylke - samkøyring av TT-ordning frå 2021	2020/47793
PS 59/20	Oppheving av forskrift om drosjereglement for Bergen køyreområde, Bergen, Sund, Fjell og Askøy kommune, Hordaland	2020/628
PS 60/20	Saksordførar - Regional transportplan	2020/36671
PS 61/20	Nytt yrkestransportregelverk - delegering av mynda til å innføre einerettar	2020/628
PS 62/20	Prinsippsak for forskotteringar mv. i samband med rekkefølgjekrav og fylkeskommunale midlar	2020/48809
PS 63/20	Tilsegn om tilskot til reduserte bompengetakstar for Rv. 13 Hardangerbrua	2020/39687
PS 64/20	Justering av gjennomsnittstakst Førdepakken	2020/43615
PS 65/20	Prosjektavklaring fv. 614 Svelgen - Indrehus	2020/45793
PS 66/20	E134 Røldal-Seljestad - Delvis bompengefinansiering	2020/47302
PS 67/20	Prinsipp for ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune	2020/35844
PS 68/20	Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune	2020/12
PS 69/20	Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - mandat og oppstart av planarbeid	2020/47906
PS 70/20	Organisering av fagskulane	2020/36638
PS 71/20	Namnendring hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	2020/43255
PS 72/20	Mandat for mobbeomboda og elev- og lærlingomboda	2020/36920
PS 73/20	Årsmelding for klagenemnda i Hordaland og Sogn og Fjordane - 2019	2019/80
PS 74/20	Søknad om midlertidig fritak - Torill Selsvold Nyborg	2019/11
PS 75/20	Søknad om midlertidig fritak - Bjørlo (V) - suppleringsval	2019/11
PS 76/20	Val til styre m.m. i selskap, stiftingar og verneområdestyre - valperioden 2019-2023	2019/11
PS 77/20	Oppnemning av kandidatar til styret i Valen Kraftverk AS	2019/11
PS 78/20	Val av representant til hovudkomité for U23 EM i friidrett i Bergen i 2021	2019/11
PS 79/20	Val av medlem til styre i Skyttel AS	2019/11
PS 80/20	Ekstraordinære tiltak korona, disponering av overskot 2019	2020/49652
PS 81/20	"Vestland fylke vil sikre nynorsk i Outlook iOS-appen" - fråsegn	
PS 82/20	«Vestland fylke - antirasistisk sone» - fråsegn	
PS 83/20	«Planlegging av vindkraftverk etter plan- og bygningslova» - fråsegn	
PS 84/20	«Nei til industridød - ja til grøn omstilling i Vestland!» - fråsegn	
PS 85/20	Behov for å verne om varslingsinstituttet	
PS 86/20	Ubåtvraket ved Fedje	
PS 87/20	Mineralelektrifisering	

Godkjenningssaker GK 6/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

ORDSKIFTE ETTER TALANE

Trude Brosvik (KrF) sette fram slikt forslag til uttale til Hordalandsbenken, Sogn og Fjordane-benken og regjeringa:

«Uttale: Vestland fylke vil sikre nynorsk i Outlook iOS-appen»

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag til uttale:

«Uttale :Vestland fylke - antirasistisk sone»

Fylkestinget vedtok å realitetsbehandle forslaget mot 11 røyster (8Sp, KrF).

Åsmund Berthelsen (SV) sette fram slikt forslag til uttale:

«Uttale: Planlegging av vindkraftverk etter plan- og bygningslova»

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag til uttale:

«Uttale: Nei til industridød - ja til grøn omstilling i Vestland!»

Fylkestinget vedtok å realitetsbehandle forslaget mot 3 røyster (KrF).

SAKER SETT PÅ SAKSKARTET I LØPET AV TINGSETET

Fylkestinget sette slike saker på saklista for møtet utan saksførelegg:

- PS 81/20 "Vestland fylke vil sikre nynorsk i Outlook iOS-appen" - fråsegn
- PS 82/20 «Vestland fylke - antirasistisk sone» - fråsegn
- PS 83/20 «Planlegging av vindkraftverk etter plan- og bygningslova» - fråsegn
- PS 84/20 «Nei til industridød - ja til grøn omstilling i Vestland!» - fråsegn
- PS 85/20 «Behov for å verne om varslingsinstituttet»
- PS 86/20 «Ubåtvraket ved Fedje»
- PS 87/20 «Mineralelektrifisering»

GK 7/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i fylkestinget 03.03.2020

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar sette fram slik merknad:

«I PS 18 «Val til styringsorgan i stiftingar, selskap og andre organisasjonar for fylkestingsperioden 2019-2023» vart overskrifta «Hardanger AKS - valnemnda» ved ein inkurie ikkje ført inn.»

Møteprotokoll frå møtet i fylkestinget 03.03.2020 vart godkjent med slike merknadar:

I PS 18 «Val til styringsorgan i stiftingar, selskap og andre organisasjonar for fylkestingsperioden 2019-2023» vart overskrifta «Hardanger AKS - valnemnda» ved ein inkurie ikkje ført inn.

Referatsaker

RS 6/20 Valen kraftverk AS - vurdering av sal

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 6/20 vart referert.

RS 7/20 Uttale frå Landsstyret om RNB

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 7/20 vart referert.

RS 8/20 Oversyn over budsjettsøknader om driftstilskot for 2021 over Kulturbudsjettet

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 8/20 vart referert.

RS 9/20 Lytter til innspill: Staten beholder hovedansvaret for kulturinstitusjonene

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 9/20 vart referert.

RS 10/20 Kopi av søknad til kulturdepartementet frå Moster 2024

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 10/20 vart referert.

RS 11/20 Retningslinjer for klart språk og god nynorsk i Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 11/20 vart referert.

RS 12/20 Felles retningslinjer for besøk av ungdomsorganisasjonar til vidaregåande skular

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 12/20 vart referert.

RS 13/20 Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 13/20 vart referert.

RS 14/20 Moster 2024 AS. Bømlo kommune sitt kommunestyrevedtak

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 14/20 vart referert.

RS 15/20 Framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstusjonane i heile Vestland fylke

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 15/20 vart referert.

RS 16/20 Oppnemning av kandidatar til styret i seks HFK Bussanlegg-selskap

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 16/20 vart referert.

RS 17/20 Årsmelding 2019 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i Hordaland

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

RS 17/20 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 15/20 Interpellasjon frå Klementsén (FNB) - Behov for å verne om varslingsinstituttet

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Interpellanten skal ha ros for å ta opp eit viktig og stadig aktuelt tema. Fylkesordføraren kan opplyse om følgjande:

Vestland fylkeskommune har etablert ein rutine for varsling i den nye organisasjonen. Både hovudtillitsvalde og fylkeshovudverneomboda har delteke i prosessen.

Rutinen byggjar vidare på retningslinjer for varsling som vart utarbeidd i dei to tidlegare fylkeskommunane og er revidert i tråd med aktuelle lovendringar. Interpellanten kan om ønskeleg få oversendt denne rutinen.

Det er etablert ein eigen modul for varsling i det nye kvalitetsstyringssystemet til Vestland fylkeskommune. Her kan tilsette om ønskeleg også varsle anonymt. Varsel kan både sendast i linja eller direkte til varslingsutvalet. Dette utvalet er etablert utanfor vanleg styringslinje og vert oppnemnt av fylkesrådmannen etter drøfting med dei hovudtillitsvalde. Medlemmane i varslingsutvalet skal vere tilsette med høg personleg integritet og som nyt stor tillit og respekt i organisasjonen. Av omsyn til habilitet i sakshandsaminga skal dei ikkje inneha aktive funksjonar som leiarar eller tillitsvalde eller vere knytt til sentrale einingar som t.d. HR.

I tråd med rutinen skal det sentrale arbeidsmiljøutvalet, fylkesutvalet og kontrollutvalet årleg få ein rapport frå varslingsutvalet som mellom anna skal innehalde informasjon om følgjande:

Talet på saker som er mottekne etter varslingsrutinen hos det sentrale varslingsutvalet
Kva forhold det har blitt varsla om
Korleis saker om varsling har blitt handtert (m.a. bruk av ekstern gransking m.v.)
Eventuelle eksterne varslingar til offentlege styresmakter og/eller offentlegheit

Når det gjeld folkevalde er det etablert ein tilsvarande rutine for varsling som går fram av handboka for folkevalde. Rutinen ligg og tilgjengeleg på nettsida www.vlfk.no

Fylkesordføraren er oppteken av at Vestland fylkeskommune skal ha ein organisasjonskultur der ein arbeider systematisk for forbedring og utvikling og at den fylkeskommunale forvaltninga skal vere open og transparent i alle ledd. Fylkesordføraren vil be fylkesrådmannen syte for at rutinen for varsling vert gjort godt kjent i organisasjonen og at temaet varsling vert følgd særleg opp i den kommande medarbeidarundersøkinga. Fylkesordføraren ser vidare fram til å få oversendt den første årsmeldinga frå varslingsutvalet i Vestland fylkeskommune tidleg i 2021.»

Morten Klementsén (FNB) sette fram slikt forslag:

«Vestland Fylkesting ber om at kontrollutvalget gjennomgår varslingsrutinene for fylkeskommunen, og undersøker hvordan de gjeldende rutinene har fungert så langt. Dette, for å sikre at fylkeskommunen har adekvate og gode interne rutiner som fungerer effektivt, både for ansatte, arbeidsgiver og innbyggerne. Kontrollutvalget leverer sin rapport til Fylkestinget innen rimelig tid.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok å realitetsbehandle forslaget mot 11 røyster (Sp, 1KrF).

Forslaget vart handsama som PS 85/20 «Behov for å verne om varslingsinstituttet».

SI 16/20 Interpellasjon frå Hæggernes (PP) - Ubåtvraket ved Fedje

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Spørsmål 1:

Folkehelsearbeid rettar seg, i hovudsak, inn mot innbyggjarane sine levkår og livskvalitet. Folkehelsearbeid grensar også opp mot det vi tradisjonelt tenkjer på som somatisk og psykisk helse, men i eit overordna perspektiv.

På denne bakgrunnen vil trussel for å vere utsett for miljøgifter (i dette tilfellet kvikksølv i fisk og skaldyr) falla inn under folkehelseområdet. Trusselen skapar uvisse, og kanskje redsle, når det gjeld å nytte fisk/skaldyr fiska i området som mat. Oppslag i media, og at gravide og ammande i området er rådde i frå å ete visse fiskeslag, kan dermed svekke livskvaliteten.

Det er heva over tvil at kvikksølvureining er til fare for miljøet.

Spørsmål 2:

Fylkestinget i Hordaland og Vestland har kravd kvikksølvet fjerna, og me er ikkje nøgde før så skjer.»

Kurt Johnny Hæggernæs (Pp) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget i Vestland mener at ubåtvraket utenfor Fedje er en trussel mot folkehelsen og miljøet. Fylkestinget i Vestland krever derfor at Regjering og Storting snarest gjør

vedtak om at det tyske ubåtvraket U-864 fra 2. verdenskrig som ligger på havbunnen utenfor Fedje, blir hevet og fjernet snarest.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Forslaget vart handsama som PS 86/20 «Ubåtvraket ved Fedje».

SI 17/20 Interpellasjon frå Pombe - SV - Mineralelektrifisering

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Miljøkrav ved ferjeanboda og bussanbod i tidlegare Hordaland fylkeskommune var utforma for å redusere klimapåverknaden frå energiforbruket. Det var fokus på både produksjonen og bruken av energien. Det vart mellom anna sett krav om fornybar energikjelde og evaluert CO2-kutt som tek omsyn til heile verdikjeda til energien. Dette vart førebudd før det allment vart sett fokus på råstoffproblematikken knytt til batteria, og det var ikkje stilt krav knytt til dette i konkurransen den gongen.

Skyss Kringom utveksler erfaringar med Ruter mellom anna gjennom Miljø- og materiellkomiteen til Kollektivtrafikkforeningen og er difor godt kjend med dei gjennomførte verdikjedeanalysane. Analysen syner mellom anna at utvinning av råmaterial til batteriproduksjonen kan føre til brot på menneskerettar, barnearbeid, korrupsjon og miljøødelegging. Det manglar etablerte standardar for industrien og verdikjedene er svært kompliserte. Det er knytt stor risiko til utvinning av kobolt i DR Kongo, der det er vanskeleg å få oversikt over kvar materiala er utvunne.

I 2016 stod DR Kongo for 54 % av koboltutvinninga i verda. 49 % av dei kjende globale reservene ligg her. Landet er prega av svake statlege institusjonar og ein del av gruvedrifta skjer i smågruver utafor formelt arbeidsliv. Det aukar risiko for barnearbeid, brot på menneskerettar og korrupsjon. Samstundes er det dokumentert at utvinninga av gull, wolfram, tinn og tantal bidreg til å finansiere væpna grupper i den austlege delen av landet.

Råstoffproblematikken kan reduserast gjennom teknologiutvikling: Nye batteri treng mindre kobolt enn før. Samstundes utgjer råstoff ein viktig inntektskjelde for land som DR Kongo. Difor er det ikkje ønskjeleg å stoppe bruken av alle slike råstoff, men å bidra til ei trygg og berekraftig utvinning.

Spørsmål 1:

I ferjeanbodet var det ikkje stilt krav til batterisamansetting. I dei nye ferjene er det nytta NMC-batteri, som inneheld kobolt. Det er p.t. ikkje henta inn noko informasjon om kobolten er utvinne i Kongo og kva batteriproducenten og råstoffleverandørane eventuelt har gjort for å unngå brot på menneskerettar, barnearbeid, korrupsjon eller miljøødelegging (føre-var-tiltak).

I bussanbodet for Bergen sentrum var det heller ikkje stilt krav til batterisamansetting. I bussane som no er i produksjon vert det, så langt Skyss Kringom kjenner til, installert LFP- og LTO-batteri. Desse inneheld ikkje kobolt. Det ligg ikkje føre noko informasjon om relevante føre-var-tiltak.

Spørsmål 2:

I Skyss Kringom sine kontraktar er det stilt krav om at operatørar og deira underleverandørar skal etterleve grunnleggjande sosiale og etiske krav: "Produkt som skal leverast til Oppdragsgjevar skal vere framstilte under tilhøve som samsvarar med krav gitt i sentrale FN- og ILO-konvensjonar og nasjonal arbeidslovgjeving på produksjonsstaden (...) Operatør er pliktig til å følgje og syte for at underleverandørar etterlever oppdragsgjevar sine «Handlingsreglar for leverandørar»." I dei internasjonale retningslinjene og i våre handlingsreglar er barne- og tvangsarbeid, korrupsjon og miljøødeleggingar eksplisitt utelukka. Oppdragsgjevar har rett til innsyn og

dokumentasjon på Operatør si oppfyling av desse krava. Vidare har oppdragsgjevar plikt til å følgje opp kontraktskrav og det vil difor vere naturleg å undersøkje verdikjeda til batteriråstoff nærare framover.

Spørsmål 3:

Skyss Kringom vil setje fokus på problematikken ved å samle informasjon om dagens råstoff og eventuelt avdekkje problematiske tilhøve. I det vidare vil Skyss Kringom bidra til utviklinga av felles verktøy for transparens (standardar og sertifiseringsordningar) og ta desse i bruk i kravstilling og oppfølging av operatør og underleverandørar.

Spørsmål 4:

Verdikjedeanalysane frå Ruter gjev eit faktagrunnlag som alle kollektivtrafikkselskap kan byggje vidare på. Det pågår no eit internasjonalt arbeid i kollektivbransjen for å få på plass eigna verktøy for å sikre berekraftig og miljøvenlege ressursar i elektriske køyretøy og fartøy: Ruter og andre nordiske kollektivtrafikkselskap tok i november 2019 initiativ til å etablere ein bransjestandard for livsyklusanalyse av elektriske bussar. Skyss støtter dette arbeidet og forventar å ta verktøyet i bruk så snart det er tilgjengeleg.

Vidare er det mykje å lære av andre kollektivtrafikkselskap. Til dømes har Ruter gjennomført ei systematisk undersøking av korleis innkjøpa deire påverkar FN sine berekraftsmål, for å setje fokus på dei berekraftmåla som er mest relevante. Slik kan ein sikre ei heilskapleg tilnærming og gjere klimatiltak mest mogleg sosialt og miljømessig berekraftig.

Oppsummert vurderer Skyss Kringom det som vesentleg å få fram informasjon om dei batteria som no er og vert tekne i bruk, støtte utvikling av felles verktøy for kravstilling og oppfølging og å ta desse i bruk.»

Symphorien Pombé (SV) sette fram slikt forslag:

«Vestland fylkeskommune vil gjennomføre ein verdikjedeanalyse for bla. batteri innenfor nullutsleppkøyretøy som kjører i oppdrag for fylkeskommunen, samt stille krav om transparens i leverandørkjeden av batteri- og kjøretøyprodusenter.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Forslaget vart handsama som PS 87/20 «Mineralelektrifisering».

SI 18/20 Spørsmål fra Tomren(MDG) - v edr. rasisme

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Fylkesordfører gav slikt svar:

«Representanten stiller svært viktige, høgst relevante og diverre også dagsaktuelle spørsmål. Fylkesordføraren kan opplyse følgjande:

Spørsmål 1:

På vidaregåande skular:

Våre haldningar og retningslinjer knytt til rasisme og diskriminering er blant anna nedfelt i transportkontraktane som vert inngått med operatørar. Her vert det stilt krav om at alle kundar skal bli møtt på ein serviceorientert og kundevennleg måte. Vidare vert kundeklager loggført og rapportert, og takast vidare i systemet for oppfølging.

I handlingreglane for dei nyaste kontraktane i Bergensområdet (Bergen sør/vest, Bergen nord og Bergen sentrum) er det eit eige punkt som omhandlar forbod mot diskriminering hos operatør som seier (sitat) at «leverandøren skal arbeide for like muligheter og lik behandling av ansatte uavhengig av hudfarge, rase, nasjonalitet, sosial bakgrunn, funksjonshemming, seksuell legning, politisk og religiøs overbevisning, kjønn eller alder. Leverandøren skal forby og nekte å tolerere oppførsel som innebærer uttalelser, kroppsspråk og fysisk kontakt som er av seksuell, tvingende, truende, fornærmende eller

utnyttende karakter.»

Skyss/Kringom har ikkje egne rutinar ved kundeklager som er retta spesielt mot rasisme og diskriminering. Dette vert tatt imot og handsama på same måte som andre kundeklager som kjem inn til Skyss/Kringom via kontaktskjema på skyss.no/kringom.no, e-post eller telefon. Gjeld førespurnaden/saka negative opplevingar knytt til sjåfør/førar/mannskap eller billettkontrollør, vert desse formidla til aktuell operatør og/eller leverandør av billettkontrollar for vidare oppfølging for å sikre at slike hendingar ikkje skjer igjen.

Blant tilsette i fylkeskommunen:

Handlingsplan for likeverd vart i 2018 vedteke for Hordaland fylkeskommune. Denne er mellombels gjort gjeldande for tilsette i heile Vestland fylkeskommune fram til ny handlingsplan vert sett i verk. Planen har eit generelt perspektiv, dvs. at både tilsette og brukarane av fylkeskommunale tenester skal oppleve å bli møtt med haldninga der «Likeverd er ein føresetnad for at Vestland skal vere eit godt samfunn for alle. Det betyr at alle i Vestland skal ha same tilbod og høve til samfunnsdeltaking, uansett kjønn, etnisk bakgrunn, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet. I heile verksemda skal alle oppleve å bli høyrde, tekne vare på og sikra korrekt behandling i sin kontakt med Vestland fylkeskommune.»

Spørsmål 2:

For dei tilsette har fylkeskommunen på systemnivå medarbeidarundersøkingar og årleg internkontroll. Bedriftshelsetenesta, tillitsvalde og vernelinja er og viktige medspelarar her.

Fylkeskommunen har ein varslingskanal der tilsette kan varsle direkte om kritikkverdige eller ulovlege forhold i fylkeskommunen. I tillegg er det bygd opp eit kvalitetssystem der dei tilsette kan melde om avvik knytt til psykososiale forhold.

Elev- og lærlingomboda og mobbeomboda arbeider systemisk med haldningsskapande verksemd for elevane, føresette og skuleverket. I tillegg arbeider omboda opp mot den einskilde elev som har trong for assistanse.

Likeverdsperspektivet vert handtert i planprosessar, tilsetjingsprosessar, tenesteyting, opplæring og i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Fylkeskommunen tek likeverdet på alvor, og det vert arbeidd systematisk med problemstillingar og innspel knytt til dette.

Frå 2020 har fylkeskommunen overtatt ansvaret for regionale integreringsoppgåver. Koordinering og oppfølging av dette viktige arbeidet er lagt til avdeling for Kultur, idrett og inkludering, men femnar dei fleste avdelingane i fylkeskommunen. For å sikre god samordning av arbeidet vert det no etablert eit tverrfagleg team, der alle aktuelle avdelingar er representerte.»

Politiske saker

PS 33/20 Finansforvaltninga i 2019 - Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune i 2019 til orientering.

Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune i 2019 til orientering.

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune i 2019 til orientering.

PS 34/20 Godkjenning av årsrekneskap for Hordaland fylkeskommune 2019

Forslag til innstilling

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune 2019 vert godkjend.
2. Disponering av overskot:

Reduserte låneopptak	55,6 mill. kr
Avsetning større IKT-prosjekt	15,0 mill. kr
Reservefond (korona-situasjonen)	38,2 mill. kr
Forstudie Akvariet i Bergen	2,5 mill. kr
Sum	111,3 mill. kr

Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune 2019 vert godkjend.
2. Disponering av overskot:

Reduserte låneopptak	55,6 mill. kr
Avsetning større IKT-prosjekt	15,0 mill. kr
Reservefond (korona-situasjonen)	38,2 mill. kr
Forstudie Akvariet i Bergen	2,5 mill. kr
Sum	111,3 mill. kr

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune 2019 vert godkjend.
2. Disponering av overskot:

Reduserte låneopptak	55,6 mill. kr
Avsetning større IKT-prosjekt	15,0 mill. kr
Reservefond (korona-situasjonen)	38,2 mill. kr
Forstudie Akvariet i Bergen	2,5 mill. kr
Sum	111,3 mill. kr

PS 35/20 Rekneskap 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019, som syner kr 2 536 312 701,52 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 71 766 168,72 vert godkjent.
2. Mindreforbruket vert nytta slik:
 - a. 36 mill kr vert nytta til finansiering av investeringsrekneskapen 2020. Bruk av lån vert redusert tilsvarande.
 - b. kr 35 766 168,72 vert avsett til disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte).

Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019, som syner kr 2 536 312 701,52 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 71 766 168,72 vert godkjent.
2. Mindreforbruket vert nytta slik:
 - a. 36 mill kr vert nytta til finansiering av investeringsrekneskapen 2020. Bruk av lån vert redusert tilsvarande.
 - b. kr 35 766 168,72 vert avsett til disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte).

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 3

Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å fordele avsetning frå disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte MNOK 35,8) til hovudutvala for Næring og innovasjon jmf PS 80/20 og Kultur, idrett og integrering jmfr PS 49/20.

Hovudutvala får fullmakt til å fordele midlane vidare etter eigne kriteria for tildeling.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Fylkesordførar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

3. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019, som syner kr 2 536 312 701,52 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 71 766 168,72 vert godkjent.
4. Mindreforbruket vert nytta slik:
 - a. 36 mill kr vert nytta til finansiering av investeringsrekneskapen 2020. Bruk av lån vert redusert tilsvarande.
 - b. kr 35 766 168,72 vert avsett til disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte).
5. Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å fordele avsetning frå disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte MNOK 35,8) til hovudutvala for Næring og innovasjon jmf PS 80/20 og Kultur, idrett og integrering jmfr PS 49/20.

Hovudutvala får fullmakt til å fordele midlane vidare etter eigne kriteria for tildeling.

PS 36/20 Årsrapport 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forslag til innstilling

- Årsrapport 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering
- Årsrapport finansforvaltning 2019 for Sogn og Fjordane vert teken til orientering
- Årsrapport konsesjonskraftforvaltning 2019 for Sogn og Fjordane vert teken til orientering
- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til orientering
- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for eldre 2019 vert teken til orientering

Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

- Årsrapport 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering
- Årsrapport finansforvaltning 2019 for Sogn og Fjordane vert teken til orientering
- Årsrapport konsesjonskraftforvaltning 2019 for Sogn og Fjordane vert teken til orientering
- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til orientering
- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for eldre 2019 vert teken til orientering

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- Årsrapport 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering
- Årsrapport finansforvaltning 2019 for Sogn og Fjordane vert teken til orientering
- Årsrapport konsesjonskraftforvaltning 2019 for Sogn og Fjordane vert teken til orientering
- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til orientering
- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for eldre 2019 vert teken til orientering

PS 37/20 Årsmelding Hordaland fylkeskommune 2019

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek «Årsmelding 2019 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek «Årsmelding 2019 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget tek «Årsmelding 2019 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

PS 38/20 Tertialrapport pr. april 2020 - rekneskapsprognose

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet

kr 1 000

Løyvingsnivå	Tekst	Meirutg. Mindreinnt.	Mindreutg. Meirinnt.
1	Rammetilskot		145 612
1	Skatt	160 000	
6	Overføring til investering	5 000	
7	Lønsavsetjing/premieavvik.		160 000
12	Org. og øk. - administrasjon		46 912
14	Eigedom drift vedlikehald	66 912	
22	Forsking, kompetanse, internasj.	20 773	
30	Vidaregåande skular	12 464	
31	Opplæring i bedrift	14 839	
35	Andre føremål opplæring		12 464
51	Billettinntekter kollektiv	110 000	
60	Veg - drifts og vedlikehald		20 000
61	FTU-midlar		5 000
		389 988	389 988

Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet

kr 1 000

Byveksttalen til fylkesvegane eks. bybanen	31 639
Askøypakken	28 300
Nordhordlandspakken	-50 000
Førdepakken	-6 696
Fv. 698 Blaksetunellen	-8 823
Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	-50 048
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	-3 100
Fv. 218 Horsøy	-17 200
Tunellrehabilitering	-64 280
Mindre utbetringar	-28 492
Gang- og sykkelveg	-27 156
Trafikktryggingstiltak	6 405
Kollektivtrafikktiltak	345
Planlegging	-1 067
Anna - grunnerverv/skiltfornyng	17 440
Skredsikring	643
Sum vegar	-172 090

Nye Førde vgs / THT Førde	-40 000
Tannklinikkar	-5 000
Skilt på bygg	5 000
Sum bygg	-40 000
Finansiering:	
Mva komp.	-38 000
Lån	-179 090
Driftsmidler	5 000
Sum finansiering	-212 090

Fylkestinget godkjenner slike kostnadsrammer for følgjande investeringsprosjekt:

- Askøy vgs - ny kostnadsramme 707 mill. kr
- Sogndal vgs - ny kostnadsramme 160 mill. kr
- Stord vgs - ny kostnadsramme 394 mill. kr
- Langhaugen vgs - ny kostnadsramme 185 mill. kr

3. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sine tiltak for å betre den økonomiske stoda. Dette gjeld tiltak innan Opplæring og kompetanse, og innan Kollektiv og mobilitet dersom det ikkje snarleg kjem signal om ytterlegare statlege kompensasjonar for verknadane av pandemi-situasjonen.

Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Heen sitt forslag fekk 16 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, 1FNB, Frp, H) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet

		kr 1 000	
Løyvingsnivå	Tekst	Meirutg. Mindreinnt.	Mindreutg. Meirinnt.
1	Rammetilskot		145 612
1	Skatt	160 000	
6	Overføring til investering	5 000	
7	Lønsavsetjing/premieavvik.		160 000
12	Org. og øk. - administrasjon		46 912
14	Eigedom drift vedlikehald	66 912	
22	Forsking, kompetanse, internasj.	20 773	
30	Vidaregåande skular	12 464	
31	Opplæring i bedrift	14 839	
35	Andre føremål opplæring		12 464
51	Billettinntekter kollektiv	110 000	
60	Veg - drifts og vedlikehald		20 000
61	FTU-midler		5 000
		389 988	389 988

Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet

		kr 1 000
Byvekstavtalen til fylkesvegane eks. bybanen		31 639
Askøypakken		28 300
Nordhordlandspakken		-50 000

Førdepakken	-6 696
Fv. 698 Blaksetunellen	-8 823
Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	-50 048
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	-3 100
Fv. 218 Horsøy	-17 200
Tunellrehabilitering	-64 280
Mindre utbetringar	-28 492
Gang- og sykkelveg	-27 156
Trafikktryggingstiltak	6 405
Kollektivtrafikktiltak	345
Planlegging	-1 067
Anna - grunnnervv/skiltfornyng	17 440
Skredsikring	643
Sum vegar	-172 090
Nye Førde vgs / THT Førde	-40 000
Tannklinikkar	-5 000
Skilt på bygg	5 000
Sum bygg	-40 000
Finansiering:	
Mva komp.	-38 000
Lån	-179 090
Driftsmidlar	5 000
Sum finansiering	-212 090

Fylkestinget godkjenner slike kostnadsrammer for følgjande investeringsprosjekt:

- Askøy vgs - ny kostnadsramme 707 mill. kr
- Sogndal vgs - ny kostnadsramme 160 mill. kr
- Stord vgs - ny kostnadsramme 394 mill. kr
- Langhaugen vgs - ny kostnadsramme 185 mill. kr

3. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sine tiltak for å betre den økonomiske stoda. Dette gjeld tiltak innan Opplæring og kompetanse, og innan Kollektiv og mobilitet dersom det ikkje snarleg kjem signal om ytterlegare statlege kompensasjonar for verknadane av pandemi-situasjonen.
4. Fylkestinget viser til den store svikten i inntekter og auka utgifter for fylkeskommunen som direkte følgje av koronapandemien. Fylkestinget føreset at regjeringa gjev snarleg signal om auka statleg bidrag til fylkeskommunane. Ein forutset full kompensasjon. Fylkestinget forventar at KS arbeider vidare med dette.

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 5

Dersom Stortinget ikkje vedtek ei fullgod kompensasjonsordning for både koronapandemien, elektrifisering av ferjedrifta og overføring av nye statlege oppgåver i samband med revidert nasjonalbudsjett 18.juni, vil Vestland fylkeskommune invitere dei andre fylkeskommunane til eit samordna oppmøding til Kommunenes Sentralforbund (KS), om at det vert lagt meir press på regjeringa og stortinget for å sikre at fylkesøkonomien blir styrka i statsbudsjettet for 2021.»

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Endring:

FV 218 Horsøy vert ikkje tatt ut av investeringsbudsjettet ved denne budsjetrulleringa. Rådmannen avklarar status for prosjektet med Askøy kommune fram mot handsaming av 2.tertialrapport.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 vart vedteke mot 2 røyster (R).

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag fekk 27 røyster (H, Frp, FNB, R, Pp) og fall.

Syversen sitt forslag fekk 7 røyster (MDG, R) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

2. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet

kr 1 000

Løyvingsnivå	Tekst	Meirutg. Mindreinnt.	Mindreutg. Meirinnt.
1	Rammetilskot		145 612
1	Skatt	160 000	
6	Overføring til investering	5 000	
7	Lønsavsetjing/premieavvik.		160 000
12	Org. og øk. - admininstrasjon		46 912
14	Eigedom drift vedlikehald	66 912	
22	Forsking, kompetanse, internasj.	20 773	
30	Vidaregåande skular	12 464	
31	Opplæring i bedrift	14 839	
35	Andre føremål opplæring		12 464
51	Billettinntekter kollektiv	110 000	
60	Veg - drifts og vedlikehald		20 000
61	FTU-midlar		5 000
		389 988	389 988

Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet

kr 1 000

Byvekstavtalen til fylkesvegane eks. bybanen	31 639
Askøypakken	28 300
Nordhordlandspakken	-50 000
Førdepakken	-6 696
Fv. 698 Blaksetunellen	-8 823
Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	-50 048
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	-3 100
Fv. 218 Horsøy	-17 200
Tunellrehabilitering	-64 280
Mindre utbetringar	-28 492
Gang- og sykkelveg	-27 156
Trafikktryggingstiltak	6 405
Kollektivtrafikktiltak	345
Planlegging	-1 067
Anna - grunnerverv/skiltfornyng	17 440
Skredsikring	643
Sum vegar	-172 090
Nye Førde vgs / THT Førde	-40 000
Tannklinikkar	-5 000
Skilt på bygg	5 000

Sum bygg	-40 000
Finansiering:	
Mva komp.	-38 000
Lån	-179 090
Driftsmidler	5 000
Sum finansiering	-212 090

Fylkestinget godkjenner slike kostnadsrammer for følgende investeringsprosjekt:

- Askøy vgs - ny kostnadsramme 707 mill. kr
- Sogndal vgs - ny kostnadsramme 160 mill. kr
- Stord vgs - ny kostnadsramme 394 mill. kr
- Langhaugen vgs - ny kostnadsramme 185 mill. kr

3. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sine tiltak for å betre den økonomiske stoda. Dette gjeld tiltak innan Opplæring og kompetanse, og innan Kollektiv og mobilitet dersom det ikkje snarleg kjem signal om ytterlegare statlege kompensasjonar for verknadane av pandemi-situasjonen.

PS 39/20 Finansrapport 1. tertial 2020

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2020 til orientering.

Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2020 til orientering.

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2020 til orientering.

PS 40/20 Økonomiplan 2021-2024 - Investerings- og driftsrammer

Forslag til innstilling

Finansutvalet innstiller følgende til fylkesutvalet:

1. Fylkestinget legg til grunn gjeldsgrad på 115 % som utgangspunkt for rammene i investeringsprogrammet.

2. Fylkestinget legg for den vidare budsjettprosessen til grunn slike rammer for investeringsbudsjettet:

Investeringsrammer 1000 kr	2021	2022	2023	2024
SUM	5 700 204	5 343 438	4 031 028	3 391 229

3. Fylkestinget legg til grunn slike sektorrammer i økonomiplanperioden:

	Budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Politisk styring, kontrollutv og org og øk	735 019	732 019	729 019	726 019	723 019
Strategi og digitalisering	169 884	167 884	165 884	163 884	161 884
Tannhelse	268 157	265 157	262 157	259 157	256 157
Kultur, idrett & inkludering	311 765	308 765	305 765	302 765	299 765
Infrastruktur og veg	1 167 692	1 155 692	1 143 692	1 131 692	1 119 692
Mobilitet og kollektiv	2 519 154	2 394 154	2 414 154	2 360 154	2 401 154
Innovasjon og næringsutvikling	236 753	233 753	230 753	227 753	224 753
Opplæring og kompetanse	3 468 210	3 431 210	3 394 210	3 357 210	3 320 210
Sum sektornivå	8 876 634	8 688 634	8 645 634	8 528 634	8 506 634

Forslag til vedtak:

1. Finansutvalet tek orienteringane i Arbeidsdokument 2/20 om utviklinga i 2020 og økonomiske utfordringar i planperioden til vitande.
2. Finansutvalet legg til grunn oversyna i Arbeidsdokument 2/20 som gjeld skatt/rammetilskot, kapitalutgifter/-inntekter og konsesjonskraft som føresetnader for den vidare budsjettprosessen

Saksprotokoll 28.05.2020 - finansutvalet

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag til innstilling:

